

## MELAND KOMMUNE

### SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Sbh.	Saknr
Utval for levekår	23.11.2010	HEK	090/10
Formannskapet	24.11.2010	HEK	162/10
Kommunestyret	15.12.2010	HEK	116/10

Avgjerd av: Kommunestyret Saksbeh.: Helge Kvam	Ansv. HEK	Arkiv: <b>N-016, N-384</b>	Arkivsaknr 10/1725
---	--------------	-------------------------------	-----------------------

### SAMARBEIDSAVTALE MELLOM BERGEN KOMMUNE (VERTSKOMMUNE) OG KOMMUNAR I HORDALAND VEDK. KRISETILBOD

#### Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dat	Avsendar/Mottakar	Tittel
2	I	07.10.2010	BYRÅDSAVERDELING FOR HELSE OG INKLUDERING	FORSLAG TIL SAMARBEIDSAVTALE I VERTSKOMMUNESAMARBEID OM KRISESENTER TIL KOMMUNER I HORDALAND
3	I	12.11.2010	Masfjorden kommune	MELDING OM POLITISK VEDTAK - FORSLAG TIL SAMARBEIDSAVTALE I VERTSKOMMUNESAMARBEID OM KRISESENTER TIL KOMMUNAR I HORDALAND
4	U	26.11.2010	BYRÅDSAVERDELING FOR HELSE OG INKLUDERING	SAMARBEIDSAVTALE MELLOM BERGEN KOMMUNE(VERTSKOMMUNE) OG KOMMUNAR I HORDALAND VEDK. KRISETILBOD
5	I	14.12.2010	Modalen kommune	SAMARBEID OM KRISESENTERTILBOD - KOPI AV SKRIV TIL BERGEN KOMMUNE

#### Saksutgreiing:

##### 1. Bakgrunn

Stortinget vedtok i juni 2009 Lov om kommunale kriosesentertilbod, og lova vart iverksatt frå og med 01.01.2010. Føremål med lova er at kommunane skal sørge for eit kriosesentertilbod til

personar utsatt for vald eller truslar om vald i nære relasjonar, og som har trong for rådgjevning eller eit trygt og midlertidig heildøgns bu- og omsorgstilbod.

Før denne lova vart vedteke blei krisesentra drive på frivillig basis. Den nye lova konkretiserar at eit krisesentertilbod skal gi brukarane støtte, rettleiing, hjelp til å ta kontakt med andre delar av tenesteapparatet og at tilboden skal omfatte både døgnopen telefonvakt, butilbod, dagtilbod og oppfølging i reetableringsfasen. Butilboden til kvinner og menn skal vere fysisk delt. Krisesentertilboden skal, som i dag, vere eit lågterskelttilbod, slik at personar utsett for vald eller truslar om vald i nære relasjonar kan vende seg direkte, utan timeavtale eller henvisning. Tilboden skal halde fram med å vere gratis for brukarane.

2010 har vore eit overgangsår i høve til finansiering av krisesentertilboden, med omsyn til omstilling og tilpassing som følgjer av lova. Frå 2011 vert statstilskot til krisesentertilboden inkludert i rammetilskot til kommunane.

Meland kommune har til no nytta krisesentertilboden i Bergen, saman med 18 andre kommunar i Hordaland: Bergen, Askøy, Austevoll, Austrheim, Fedje, Fjell, Fusø, Kvam, Lindås, Masfjorden, Modalen, Os, Osterøy, Radøy, Samnanger, Sund, Vaksdal og Øygarden.

Meland kommune har fram til no ikkje betalt eit fast beløp for tenesteytinga, men ytt årleg tilskot etter oppmoding frå ansvarleg for tiltaket. For 2009 vart det ytt kr. 7.000,- i tilskot, og i 2008 kr 5.000,-.

Administrasjon viser til skriv frå Bergen kommune datert 30.09.10 vedkomande ”Samarbeidsavtale, kommuneloven §§ 28a og 28b jfr §28e, mellom Bergen kommune som vertskommune og samarbeidskommuner, om krisesentertilbod i henhold til lov av 19.06.2009 nr 44 om kommunale krisesentertilbod”. Bergen kommune tilbyr med dette vertskommuneansvar for krisesentertilboden i Hordaland, og inviterer mellom anna Meland kommune til å ta del i samarbeidsavtalen.

Administrasjon har vore i kontakt med andre kommunar i Nordhordland. Tilbakemelding er at administrasjon i kommunane vil tilrå politisk tilslutning til kommunesamarbeid jamfør skriv frå Bergen kommune.

## **2. Omfang**

Det er ei utfordring for administrasjon å skulle anslå bruk av tilboden for innbyggjarar i Meland kommune. Grunna personvern fører ikkje krisesenter statistikk for kva for kommunar som den einskilde person kjem frå. I tillegg er det heller ikkje naudsynt at det offentlege tenestetilboden i kommunen er kjend med tal personar som er frå Meland og oppsøkjer krisesenteret. Kvar ein skild person/husstand kan på eige initiativ oppsøke krisesenteret utan at administrasjon får opplysning om dette.

I dei tilfelle administrasjon faktisk er kjend med husstandar som oppsøkjer krisesentertilboden så er det tale om eit relativt lågt tal per år. Dei seinare år har dette vore mindre enn fem husstandar per år, som har nytta det heildøgns omsorgstilboden i kortare eller lengre tidsperiodar (veker). Viser og til statistikkgrunnlag jamfør skriv frå Bergen kommune datert 30.09.10 vedlegg 2.

### **3. Samarbeid mellom kommunar**

Odelstingsproposisjonen om krisesenterlova omtalar særskilt utvikling av eit meir forpliktande samarbeid mellom kommunane. Bakgrunnen for dette er at det er eit fåtal kommunar som truleg er store nok til å ha behov for og til å kunne finansiere eit krisesenter berre for kommunen sine eigne innbyggjarar.

Lova legg til grunn eit samarbeid mellom kommunane og interkommunale løysingar. I så måte kan kommunane i praksis velje mellom følgjande modellar:

- Interkommunale styre etter kommunelova § 27
- Interkommunale selskap etter Lov om interkommunale selskap.
- Vertskommunemodellen etter kommunelova § 28a – 28k.

Vertskommunemodellen vart gjort gjeldande frå 2007. Grunngjevnaden for denne modellen er mellom anna å etablere ei meir tenleg lovregulering av kommunale kjerneoppgåver, herunder oppgåver/tenester som krev offentleg myndigheitsutøving. Innan modellen er det to alternativ:

- administrativt vertskommunesamarbeid § 28 b
- vertskommunesamarbeid med felles folkevald nemnd § 28 c

Bergen kommune tilbyr no at alternativet administrativt vertskommunesamarbeid jamfør § 28 b blir lagt til grunn, med Bergen som vertskommune. Viser her til den vedlagte samarbeidsavtalen samt ”Leveransebeskrivelse vedrørende anskaffelse av krisesentertilbud for Bergen og omland” som omtaler kva krisesenteret skal tilby av tenester m.v. ovanfor målgruppa (vedlegg).

### **4. Økonomi**

Bergen kommune har teke kontakt med dei 18 kommunane som nyttar eksisterande krisesenter. Tilbodet vert i tillegg lagt fram for andre kommunar i Hordaland. I det vedlagte konkurransegrunnlag som Bergen kommune har utarbeidd er det difor teke høgde for at det kan skje endring i tal kommunar som skal omfattast (fleire eller færre). Så langt er det ikkje kjent at nokon av dei 18 kommunane som i dag deltek i samarbeidet om krisesenter i Bergen melder at dei ikkje vil ta del i framtidig vertskommunemodell.

I utgangspunktet vil det vere knytt uvisse til eit kommunesamarbeid om følgjande forhold:

- Kor mange kommunar som faktisk vil slutte seg til.
- Kor store utgiftene til krisesenteret reelt blir. Bergen kommune har lagt til grunn at driftsansvaret for krisesenteret blir å sjå på som eit tenestekjøp, og det blir å gjennomføre ein konkurranse i samsvar med regelverket for offentlege anskaffingar. Konkurransen blir imidlertid avgrensa til berre å omfatte ideelle organisasjonar, jfr. forskrift om offentlege anskaffelser § 2-1.
- Kostnaden for den einskilde kommune vil med dette avhenge både av tal deltakarkommunar og storleiken på desse, samt utgiftsnivået på krisesenteret.

Venteleg vil det også vere i Bergen kommune og dei andre deltakarkommunane si interesse å dimensjonere tilbodet etter tal deltakarkommunar og storleiken på desse, slik at utgiftene for dei einskilde deltakarkommunane ikkje blir urimeleg høge.

Staten har for 2011 lagt inn om lag 238 millionar kroner i rammetilskottet til lovfesta krisesentertilbod i kommunane i landet. Bergen kommune har i sitt utkast til samarbeidsavtale pkt.1 lagt til grunn at den einskilde deltagarkommune sin del av utgiftene skal tilsvare den respektive kommunenes del av summen av rammetilskottet til deltagarkommunane.

Meland kommune får jamfør ”Berekingsteknisk dokumentasjon til Prop. 1 Statsbudsjettet i 2011” eit rammetilskott som p.t. utgjer 1,69 % av summen av samla rammetilskott for dei 19 kommunar som samarbeidar om eksisterande krisesenter i Bergen i dag. Bergen kommune har og stipulert årlege utgifter for drift av tilbod til ca kr. 11 millionar kroner. Her må ein imidlertid avvete endeleg anbudsprosess. Meland kommune sin del av utgiftene vil med dette grunnlag verte om lag kr. 200.000,- per år føresett at alle 19 kommunane deltek.

Dersom færre kommunar sluttar seg til avtalen vil utgiftene på dei andre kommunane auke, med mindre tilboden blir dimensjonert og tilpassa etter talet og storleiken på deltagarkommunar. Omvendt vil beløpet kunne bli mindre dersom fleire kommunar deltek, om ikkje dette medfører at tilboden må auke i omfang/kapasitet.

Meland kommune sin reelle del av utgiftene er med dette enno noko uklar. Det er på dette grunnlag praktisk at rådmannen får fullmakt til å godkjenne det endelege beløp kommunen skal betale innan ei gjeven ramme pålydande kr. 200.000,- jamfør endeleg avtaledokument.

### **Vurdering:**

Administrasjon vurderer det som både fagleg og økonomisk krevjande for Meland kommune å søkje å etablere eit lokalt krisesentertilbod i Meland i høve til gjeldande lov- og forskriftskrav for heildøgns omsorgstilbod. Det er og ei utfordring å etablere eit lokalt tilbod med omsyn til personvern. I tillegg er det på kort sikt utfordrande å etablere tilsvarande interkommunalt tilbod i Nordhordland. Om mogleg kan ein på lengre sikt koma fram til andre vurderingar.

Administrasjon vurderer at det difor er føremålstenleg at Meland kommune etablerer administrativt vertskommunesamarbeid jamfør: ”Samarbeidsavtale, kommuneloven §§ 28a og 28b jfr §28e, mellom Bergen kommune som vertskommune og samarbeidskommuner, om krisesentertilbod i henhold til lov av 19.06.2009 nr 44 om kommunale krisesentertilbod”.

Statstilskot for drift av krisesenter vert del av rammetilskot frå 2011, og administrasjon anslår p.t. at Meland kommune sin del av kostnadane vert om lag kr. 200.000,- per år. Endeleg fastsetting av årleg beløp vert å klargjøre når ein kjenner tal kommunar som ønskjer å ta del i samarbeidet samt at anbudsprosess for drift er ferdigstilt.

Bergen kommune har bede om svar frå kommunane innan 01.12.10.

### **ADMINISTRASJONEN - FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

”Kommunestyret godkjenner at Meland kommune etablerer administrativt vertskommunesamarbeid i samsvar med ”Samarbeidsavtale, kommuneloven §§ 28a og 28b jfr §28e, mellom Bergen kommune som vertskommune og samarbeidskommuner, om krisesentertilbod i henhold til lov av 19.06.2009 nr 44 om kommunale krisesentertilbod”.

Meland kommune v/rådmann får fullmakt til å etablere nemnde samarbeidsavtale jamfør kommunelova § 28 b.”

## 23.11.2010 UTVAL FOR LEVEKÅR

### **ULK-090/10 SAMRØYSTES FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

”Kommunestyret godkjenner at Meland kommune etablerer administrativt vertskommunesamarbeid i samsvar med ”Samarbeidsavtale, kommuneloven §§ 28a og 28b jfr §28e, mellom Bergen kommune som vertskommune og samarbeidskommuner, om krisesentertilbud i henhold til lov av 19.06.2009 nr 44 om kommunale krisesentertilbud”.

Meland kommune v/rådmann får fullmakt til å etablere nemnde samarbeidsavtale jamfør kommunelova § 28 b.”

## 24.11.2010 FORMANNSKAPET

### **FS-162/10 SAMRØYSTES FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

”Kommunestyret godkjenner at Meland kommune etablerer administrativt vertskommunesamarbeid i samsvar med ”Samarbeidsavtale, kommuneloven §§ 28a og 28b jfr §28e, mellom Bergen kommune som vertskommune og samarbeidskommuner, om krisesentertilbud i henhold til lov av 19.06.2009 nr 44 om kommunale krisesentertilbud”.

Meland kommune v/rådmann får fullmakt til å etablere nemnde samarbeidsavtale jamfør kommunelova § 28 b.”

## 15.12.2010 KOMMUNESTYRET

### **KS-116/10 SAMRØYSTES VEDTAK:**

”Kommunestyret godkjenner at Meland kommune etablerer administrativt vertskommunesamarbeid i samsvar med ”Samarbeidsavtale, kommuneloven §§ 28a og 28b jfr §28e, mellom Bergen kommune som vertskommune og samarbeidskommuner, om krisesentertilbud i henhold til lov av 19.06.2009 nr 44 om kommunale krisesentertilbud”.

Meland kommune v/rådmann får fullmakt til å etablere nemnde samarbeidsavtale jamfør kommunelova § 28 b.”

**Rett utskrift****Dato:****Kopi til:**

Austrheim kommune  
Byrårdavdeling for helse og inkludering  
Fedje kommune  
Gulen kommune  
Kommunalavdeling for helse- og sosialtenester  
Lindås kommune  
Masfjorden kommune  
Modalen kommune  
Nordhordland Revisjon IKS  
Osterøy kommune  
Rådmann  
Økonomikontoret